

Herleg dag på Heio.

03.09.2017



Gøy på Spar Cup både for unge spelarar og unge dommarar.

- Det kan kje vera ein betre måte å bruka ein søndag på enn dette, sa ei Halsnøy-mor som kosa seg under Spar Cup på Heio i dag. Eg er sikker på at det var mange som var heilt einige med ho. I ideelt ver med skiftande skydekke, varmt og godt, og med solstråler som glimta til både frå oven og på banen, var det herleg å vera der.



Mykje publikum som storkosa seg.

Det starta som Heio Cup men gjekk over til Spar Cup med Spar som god sponsor og støttespelar. Denne cupen er alltid populær, og samlar mange lag og mykje publikum frå heile Kvinnherad. I år var det 33 lag, 5 av dei frå Uskedalen, og mellom kl.10 og 16 vart det avvikla heile 52 kampar fordelt på 4 banar.

Publikum storkosa seg på sidelinja, og ute på banen gjekk spelet med liv og lyst. Her var moro og fair play langt viktigare enn å telja sigrar og mål sjølv om dei gledde seg også over det. Dei unge spelarane vart rettleia av unge, flinke dommarar. Då eg var innom tidleg på dagen, var desse dommarane i sving: Viljar S. Tveit, Martin H. Arnesen, Jostein Soldal, Bashar De Khalo og Jarand J. Eide. Litt seinare skulle også Vegard Tungevik(Matre), Sander Simensen og Tord Guddal(omvikdalen) koma. Dei aller fleste spelar på G14 og G15-laga.



Jan Øvstebø og Kjetil Myklebust er svært fornøgde med Kjersti Børve på Spar som nett er kome med ny varepåfylling.



Alle spelarane får premie. Odd Steinar Arnesen og Kjetil Myklebust framfor premiebordet.

Også mange andre unge fotballspelarar, foreldre og besteforedre hjelpte til med arrangementet, for det er eit stort apparat som er i sving. Kjetil Myklebust og Odd Steinar Arnesen som trekkjer i dei største trådane fortel at svært mange er involvert, men ei god organisering gjer at det går greitt. Alle laga frå 6 til 10 år med foreldre får sine oppgåver. Dermed vert arrangementet eit fint samarbeid mellom borna, foreldra, ja, til og med nokre besteforeldre.

- Det er viktig at borna lærer tidleg at dugnadsarbeid er kjekt, seier dei to før dei understrekar den gode støtta dei har frå sponsoren.
- I tillegg til at dei sponsrar heile Spar Cup har dei også gitt oss all frukt som vi sel i kiosken. Dei stiller også opp og fyller opp med meir varer dersom noko går tomt. Det er heilt fantastisk å ha slike støttespelarar, rosar dei to, og rett etter får dei melding frå kiosken at det nærmast seg tomt av smoothie og minkar på diverse anna. Kjetil kontaktar Kjersti Børve, og svært kort tid etterpå er ho på plass med varene.
I tillegg til smoothie og frukt sel dei både vafler, hot dog, kaffi, brus og vatn i kiosken, og salget går unna slik at det tidvis er kø sjølv om det er mange kjappe hender bak disken. Her kosar folk seg på alle måtar. Ja, det skal jammen godt gjerast å finna ein kjekkare måte å bruka den fine søndagen på!



Åshild Johanne, Anna Elisabeth, Selma Ovidia og Åsne var fire av dei kjeppe, flinke ungdommane i kiosken.



Uskedalsjenter klar til kamp.



God handel i kiosken.



Ein kjempekjekk søndag.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland